



# Forskrift om folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgode, Haram kommune, Møre og Romsdal

## § 1. Formål og verkeområde

Forskrifta har som formål å sikre den som har eit kommunalt tillitsverv godtgjersle for arbeidsinnsatsen, erstatning for tap av arbeidsinntekt, samt kompensasjon for utgifter knytt til tillitsvervet, i samsvar med [kommunelova § 8-3](#) og [§ 8-4](#). Forskrifta skal òg regulere rett til ettergodtgjersle for folkevalde som har vervet som si hovudverksemeld i samsvar med [kommuneloven § 8-6](#), og rett til permisjon i samsvar med [§ 8-10](#).

Forskrifta gjeld for folkevalde medlemmer av kommunestyret og andre personar som eit folkevald organ har valt inn i eit folkevald organ, eller eit anna kommunalt organ etter [kommunelova § 5-2](#).

## § 2. Godtgjersle

### a) Ordførar

Ordføraren si godtgjersle vert sett til  $9,5 \times$  grunnbeløpet i folketrygda gjeldande frå 24.10.23 for 100% godtgjersle.

Godtgjersla til ordførar blir justert den 01.10 kvart år. Dei andre folkevalde si godtgjering blir justert ved kvar ny kommunestyreperiode. Godtgjersla vert fordelt på 12 like månadlege utbetalingar. Det vert ikkje rekna feriepengar, og det er rekna med fem veker ferie pr. år.

Ordføraren får ikkje møtegodtgjersle.

Ordføraren skal vere tilslutta den ordinære tenestepensjonsordninga for kommunar med 2% innbetaling.

Ordførar har same rettar som tilsette i kommunen kva gjeld dekning av sosiale utgifter, her under gruppelivsforsikring og full godtgjersle under sjukdom, permisjonar m.v., jf. [kommunelova §§8-8 til 8-10](#).

Ordførar som var i lønna arbeid da han/ho vart vald til ordførar, og som ikkje har lønna arbeid når ordførarperioden er avslutta vert innvilga ei etterlønn, på lønsvilkår som ordførar, for inntil 3 månadar. Saka vert handsama av kommunedirektøren.



**b) Varaordførar**

Varaordføraren si godtgjersle vert fastsett til 10% av 10G. Godtgjersla vert utbetalt med 1/12 per månad. Ordinær møtegodtgjersle kjem i tillegg. Den faste godtgjersla inkluderer at varaordførar assisterer og avløysar ordførar i ordføraren sin ordinære ferie og ved kortare sjukdomsperiodar.

Varaordførar kan alternativt velge å gå inn på ei ordning med frikjøp på 20% av 10G. Denne godtgjersla skal gi rett til pensjonsopptening i KLP.

**c) Kommunestyret**

Kommunestyret sine medlemmer og varamedlemmer (ikkje ordførar) skal ha møtegodtgjersle lik 0,2% av 10G.

**d) Formannskapet**

Formannskapet sine medlemmer (ikkje ordførar og varaordførar) skal ha fast godtgjersle lik 2% av 10G. Ordinær møtegodtgjersle lik 0,2 % 10G kjem i tillegg (ikkje ordførar).

Varamedlemmer som møter på 50% eller meir av møta i løpet av eit år skal ha 1% av 10G i tillegg til møtegodtgjersla.

Fråver frå meir enn 25% av møta i løpet av eit år fører til ein reduksjon på 25% i den faste godtgjersla. Fråver frå meir enn 50% av møta i løpet av eit år fører til ein reduksjon på 50% i den faste godtgjersla. Fråver frå meir enn 75% av møta i løpet av eit år fører til ein reduksjon på 75% i den faste godtgjersla.

Eit år skal reknast frå 01.10 – 30.09. Formannskapsmøte som vert halde i forkant av eit kommunestyremøte tel ikkje med i oversikta over kva tid ein har møtt og kva tid ein har hatt fråver.

**e) Andre utvalsleiarar**

Leiarane i følgjande utval skal ha ei godtgjersle lik 2% av 10G:

- Kontrollutvalet

Leiarane i følgjande utval skal ha ei godtgjersle lik 1% av 10G:

- Kulturutvalet
- Viltnemnda

Leiar av ad hoc-utval nedsett av kommunestyret, ungdomsråd, eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha dobbel møtegodtgjersle. Ved forfall skal nestleiar eller den som blir vald som møteleiar ha denne.



#### f) Møtegodtgjersle

For andre faste utval vald av kommunestyret vert møtegodtgjersla sett til 0,1% av 10G. Møtande varamedlemmer får møtegodtgjersle pr. møte. Det vert også betalt møtegodtgjersle med 0,1 % av 10G til ev. underutval, arbeidsutval, ad hoc utval m.v. som vert oppnemnt av kommunestyret.

Etterfølgjande møte i personidentiske utval (planutval/formannskap/klagenemnd mv.) blir godtgjort som 2 møter, og påfølgjande møte blir ikkje godtgjort.

Det vert ikkje betalt communal møtegodtgjersle til kommunalt valde representantar til deltaking på kurs eller konferansar, synfaringar, tingingar, styrer for private stiftingar, barnehagar, skular m.v., med mindre dei er utpeikt av ordførar/organet dei sit i til å representer kommunen/organet.

Reiseutgifter og ev. tapt arbeidsforteneste vert dekt etter vanlege reglar.

### § 3. Reiseutgifter

Reiseutgifter vert dekt etter reglane i det kommunale reiseregulativet. Skjema for reiserekning skal nyttast ved innsending av krav.

### § 4. Tapt arbeidsforteneste

#### *Legitimert tap:*

Legitimert tapt arbeidsforteneste og legitimert utlegg til stedfortredar vert erstatta med inntil 4% av grunnbeløpet,- pr. dag eller 0,4% av grunnbeløpet per påbegynt time. Når ein nyttar legitimert utlegg til stedfortredar (vikar, avløysar m.v.) kan ein ikkje krevje legitimasjonsfri erstatning.

Den tapte arbeidsfortenesta må vere tilfredstillande dokumentert. For arbeidstakrar skal legitimasjon ligge føre i form av erklæring frå arbeidsgjevar om storleiken på lønstapet inklusiv feriepengar og ev. pensjonsyttingar. For sjølvstendig næringsdrivande skal likningsattest nyttast som legitimasjon. Inntekta blir å dividere med 1800 timer, og denne timesatsen vert nytta for å rekne ut tapet.

#### *Ulegitimert tap:*

Ulegitimert tap vert godtgjort med 0,25% av grunnbeløpet per time.

Ulegitimert tap skal dekkje tap og utgifter som vanskeleg lar seg dokumentere for grupper som er utan fast lønna arbeid. Slike grupper er t.d. husmødre, personar under utdanning, pensjonistar, frilansere m.v. Det er krav om at ulegitimert inntektstap kan sannsynleggjera. Arbeidstid for tapt arbeidsforteneste blir rekna til 7,5 timars arbeidsdag. Erstatning for kortare møte vert utbetalt høvesvis pr. time medgått tid.

Sjølvstendig næringsdrivande kan dersom dei vel det, krevje legitimasjonsfri erstatning.

Erstatning for tapt arbeidsforteneste vert berre utbetalt dersom det er sett fram krav om det. For deltidstilsette vert tap utanom lønsinntekt utbetalt som legitimasjonsfri erstatning etter stillingsprosent.



*Utgifter til barnepass m.v.:*

Utgifter til barnepass for barn under 12 år, eller barn med særlege behov, dokumentert som faktiske utgifter, kan etter søknad dekkast med ein timesats på 0,15 % av (G).

## § 5. PC-ordning

Alle medlemmane i kommunestyret disponerer ein kommunal PC i kommunestyreperioden, medan varamedlemmar får nytte ein kommunal iPad ved behov etter storleiken på gruppene. Det vert normalt ikkje sendt ut sakspapir i posten.

## § 6. Tolkning av reglementet. Frist for innsending av krav.

Spørsmål om dispensasjon frå reglementet og tolkning av tvilsspørsmål i høve til reglementet vert overlatt til formannskapet å avgjere.

Den faste godtgjersla og møtegodtgjersla vert utbetalt 2 gonger pr. år i april og oktober månad.

*Krav som gjeld reiseutgifter og tap i arbeidsinntekt bør innsendast to gonger pr år eller oftare, og minimum ein gong pr. år. Alle skal nytte kommunalt standardskjema for reiseutgifter og krav om tapt arbeidsforteneste. Skjema er tilgjengeleg på den nye politikarportalen.*

Fast godtgjersle og møtegodtgjersle vert avrunda til nærmeste heile krone.

## § 7. Ikrafttreding

Forskrifta trer i kraft frå det tidspunkt den er kunngjort og varer til den vert oppheva.